

Statusrapport – Småsamfunnsprosjektet



Lom



Dato:	Lom 07.06.2010
Status / framdrift	<p>Liv i Lom:</p> <ul style="list-style-type: none">- Landsbyvaktar er tilsett og i full sving med trivselstiltak i nasjonalparklandsbyen.- Tre nasjonalparklandsbyskilt er kome opp ved innfartsårene til nasjonalparklandsbyen.- Prosjektlear deltok 5-6. mai på innlandsbykonferanse i Elverum- Varaordførar og prosjektlear var 26.-28. april på nettverkssamling for Noregs NPL i Jondal.- Lom NPL har vorte marknadsført blant anna gjennom annonsar i sommarmagasinet til Fjuken, Fossheim magasinet og hyttemagasinet for Nord Gudbrandsdalen.- Turstig og Bergomsrunde-kartet er ferdig og tilgjengeleg for turistar og andre på turistinformasjonen og reiselivsverksemder rundt i sentrum!- Det har vorte arbeidd vidare med gangbru over Bøvre, det er særleg finansiering av prosjektet det har vorte nytta tid på i denne perioden. <p>Per dags dato er framdrifta i prosjektet svært bra. Me er à jour i forhold til framdrifts/tiltaksplanen som vart vedteken i styringsgruppa på nyåret 2010.</p>
	<p>Landsbyrådet:</p> <ul style="list-style-type: none">- Næringssjef og prosjektlear har hatt møte med Fossheim Turisthotell, ein vart samde om å samarbeide om vidare utvikling av nasjonalparklandsbyhotell konseptet.- 19-20 april hadde me besøk frå Vingelen NPL, det vart gjennomført felles landsbyrådsmøte for dei to nasjonalparklandsbyane på Fossheim, og me synte elles fram tiltak i og rundt nasjonalparklandsbyen.- 11. mai gjennomførte leiar i landsbyrådet og prosjektlear næringslivsmøte på Fjellmuseet med temaet: <i>Utvikling av Lom nasjonalparklandsby</i>, det var godt oppmøte med rundt 30 næringslivsrepresentantar og eit fruktbart møte for både partar.- 13. mai vart Tidsaksen opna, dette er eit prosjekt landsbyrådet har vore involvert i og gjeve stønad til.

	<ul style="list-style-type: none"> - 22. mai vart den europeiske nasjonalparkdagen markert på Norsk Fjellmuseum, dagen vart markert med guida turar på Tidsaksen og Bordvassvegen, sal av lokalmat, urpremiere på dukketeateret "Ut av isen" mm. - 1. juni arrangerte landsbyrådet vertskapskurs med fokus på nasjonalparkane og nasjonalparklandsbyen. Dette vart ein kjempe suksess med rundt 40 fornøygde deltakarar.
Økonomi	<p>I samråd med ordførar og varaordførar har prosjektleiar fått klarsignal til å nytte noko av midlane på budsjettposten for profilering av NPL på landsbyvaktarordninga.</p> <p>Elles er det ingen signifikante avvik i forhold til budsjett.</p>
Nye tiltak / planar	<ul style="list-style-type: none"> - To stader i nasjonalparklandsbyen vert det sett opp informasjonstavler med informasjon om turstignettet rundt sentrum, sentrum og Bergomsrunda. Informasjonen er ei samsvar med den nyutgjevne kart brosjyren. - Det vert jobba vidare med bru prosjektet - Det vert planlagt ein studietur for ungdomsrådet til Röttingen i Tyskland i slutten av august. - Tyskkurs og spanskkurs med nasjonalparklandsby vri for innbyggjarane er under planlegging.

Under fylgjer ein liten biletserie frå perioden.





Me har fått opp nasjonalparklandsbyskilt ved dei tre innfartsårene til Lom nasjonalparklandsby



Den nytilsette nasjonalparklandsbyvaktaren vår har gjort ein kjempe innsats for å pynte i sentrum med ulike blomster arrangement



Venskapskurset vart ein kjempesuksess med rundt 40 ivrige deltakarar



Bergomsrunda har vorte supplert med Tidsaksen, ei geologisk vandrerute.



Den europeiske nasjonalparklandsbyggen vart markert på fjellmuseet, ein del av markeringa var urpremiere på dukketeateret "Ut av isen"